

Liv Unneland

Alverflaten 278

5911 Alversund

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20,

5914 ISDALSTØ



06.03.2018

Innspel til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen (2018 – 2035)

Underteikna har følgjande innspel til kommunedelplanen:

- Gjeld området tett inntil Galtaråsen nærings- og industriområde i nord, gnr 137/14.** Dette området har over tid blitt meir og meir inneklemt, og ut frå dei planane som ligg føre for naboeigedomane, ser det ut for at denne utviklinga vil auka.

Eg viser i denne samanhengen til

- A) Notat av 28. februar 2011 frå siv.ing. Vidar Mjøs som er meint som eit innspel til neste rullering av komunedelplanen, altså den rulleringa som me er midt inne i no. Der vert det gjort innspel om at arealet på og rundt Ikenberget (feilaktig kalla Ekornberget i Mjøs sitt notat), 137/7 og 137/9, vert omregulert frå LNF til bustad.
- B) Søknad om endra arealdisponering frå selskapet Lihiba AS som innspel til kommunedelplanen. Denne søknaden er ei anna side av same saka, korleis skal ein best mogleg utnytta arealet mellom industri og bustad i området Ikenberget/Galteråsen til beste for alle partar.

Verdien av området sør for Ikenberget som landbruksareal (beiteareal) har over tid blitt forringa. Samstundes som denne utviklinga set press på hovudbruket sitt beiteareal, ligg det føre planar om ny Alversund bru nord for eksisterande bru. Dette vil endå ein gong ta ein del av innmarka til 137/14 slik at det berre er småteigar att til landbruksføremål.

På denne bakgrunnen meiner eg at nemnde beiteareal 137/14 alt no bør bli vurdert **omregulert frå NLF-område til bustad**. Topografien i området gjer det mogleg å få tilkomst til den vestvendte delen av arealet som bustadområde gjennom vegen frå rundkjøringa på Isdal inn gjennom Galtaråsen frå sør. Den austvendte delen kan enten vera ei buffertsone mot næringsområdet, eller bli ein del av dette. Ved ei slik omregulering vil den beste delen av området frå og med Ikenberget i nord til og med 137/14 i sør kunna bli eit samanhengjande bustadområde.


2. **Gjeld området på hovudbruket 137/14 mellom Alverneset og Alversund bru.** I skriv av 14.01.2007 gav eg inn merknad til reguleringsplan for Tveiten/Garveriet og tilgrensande 137/14. Eg viser her i denne merknaden til pkt. 1 b der eg ønskte at gnr 137/14 sitt gamle garveriområde rett sørom 137/34 og nordom 137/150 vart regulert til naust og fritidsbustad. Dette området innehold også ein nausttomt for 137/14 i Sjørvika tett ved det eksisterande «Hålandsnaustet» som høyrer til gnr 138/3, Tveiten. **Eg ønskjer at både garveritomten og den nemnde nausttomten i Sjørvika vert regulerte inn i den nye kommunedelplanen, begge som nausttomtar.** Ei slik presisering av bruk i ein kommunedelplan vil vera i tråd med dei gode planane for Den indre farleia.
3. Til sist vil eg nemna at området frå Alvervika opp mot Alversund kyrkje med grøne bakkar alltid har vore eit godt syn for sjøfarande i Den indre farleia på veg sørover. Slik kan det også vera i framtida dersom ein tek vare på innmarka til 137/14 som «ei grøn lunge med beitande dyr» etter at ny Alversund bru er bygd.


Med vennleg helsing
Liv Unneland
Liv Unneland


Vedlegg:

Kart som synar området ved Galtaråsen.

Oversiktskart m/Sjørvika, og biletet av området







Bilde frå 1955. Viser eksisterende bygg der gammle murer liggje igjen i dag.